

Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:  
Dykkar: 5d59d182-5ecc-4787-  
9133-1d39d3d66b61  
Vår: 21/8510 - 21/68312

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
13.10.2021

## **Oversender saksutgreiing som gjeld innvilga konsesjon for overtaking av - gbnr 132/6 AUSTRHEIM KOMMUNE**

Ber om at saksutgreiinga under vert lagt inn i Austrheim kommune sitt sakssystem og sendt ut til søkerane.

### **Innvilga konsesjon for overtaking av gbnr 132/6 i Austrheim**

**"Austrheim kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 1 og 2 konsesjon til Richard Berg, Laila Karin Strand Sæle, Georg Solvåg, Marit Signe Kjeilen, Grethe Utkilen og Matte Margrete Revne til overtaking av gbnr 132/6 der kvar skal eiga 1/7 av eigedomen.**

**Den avtala kjøpesummen er på kr. 750 000.**

**Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga under."**

#### **Saksopplysningar:**

Richard Berg, Laila Karin Strand Sæle, Georg Solvåg, Marit Signe Kjeilen, Grethe Utkilen og Matte Margrete revne søker konsesjon for overtaking av GBNR 132/6 i Austrheim som realsameige, der dei skal eiga 1/7 kvar.

Tidlegare eigar er Randi Sjøholt Ukiilen og kjøpesummen er oppgitt til å vera kr 750 000.

Saka vert handsama og avgjort etter delegert mynde frå rådmannen. Konsesjon skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå.

Føremålet med kjøpet er at 6 hus/hytter har gått sama om å kjøpa av denne tomten for at den framleis skal vera friareal og ikkje bebyggast. På tomten er ei sandstrand som i generasjoner er benyttet av beboere og ferierende. Dei ynskjer å rydde på området og

holde vegetasjonsvekst nede. Det gir mindre brannfare og gjør området mer tilgjengelig for allmenheten.

#### **Planstatus:**

Planstatus syner at om lag 5 daa er sett av til LNF spreidd bustadområde og om lag 1,5 daa tilvanleg LNF føremål i arealdelen av kommuneplan for Austrheimgodkjent 11.04.2019.  
Strandlinja rundt bukta på eigedomen er om lag 250 meter

Eigedomen gbnr 132/ 6 vart etablert i 1887 og har vore eit del av gbnr 132/5 sidan 1957. Det er gitt løyve til deling av driftseining . Den har eit areal på 6,7 daa, og mesteparten av arealet er registrert som produktiv skog. 1 daa er registrert som overflatedyrka, men dette er truleg feil i kartet.

#### **Vurdering**

Søknaden er vurdert i høve til konsesjonslova og rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Konsesjonslova har til føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vem om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjonar sitt behov, landbruksnæringa, trangen for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsinteresser og omsynet til busettinga, jf 1.

Føremålet med kjøpet er naboane som eig rundt 132/6 skal nytta arealet til friareal, ta vare på og halda vegetasjon nede med tanke på og førebygga brannfare, og gjera arealet meir tilgjengeleg for allmenta.

Søknaden skal difor vurderast opp mot føremålsparagrafen til konsesjonslova.

Sjølv om delar av eigedomen er registrert som skog har den liten verdi for skogbruksdrift fordi den ligg inneklemt mellom vegar og frådelte tomtar, er smal og har ein uregelmessig fasong med trekantar som er vanskeleg å driva. Det er i søknad om deling av driftseining etter jordlova vurdert at det ikkje vil gje noko driftslemper for landbruket at dette arealet ikkje lenger skal høyra til eit gardsbruk.

Konsesjonsbehandling tek stilling til kven som skal eiga eigedomen, medan det er kommunen sine arealplanar som bestemmer bruken av areal.

Føremålet til søkerane er i samsvar med konsesjonslova sitt føremål om om å til gode sjå omsynet til miljø, almenne naturverninteresser og friluftsinteresser.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Mottakarar:**

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943 AUSTRHEIM